



Dovrefjell Nasjonalparkstyre

*FNF Møre og Romsdal er eit samarbeidsforum for natur- og friluftslivsinteresserte organisasjonar i Møre og Romsdal. FNF skal engasjere seg i saker som påverkar natur og friluftslivet i fylket. I dag er Norges Jeger- og Fiskerforbund Møre og Romsdal, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Sunnmøre friluftsråd, fylkets tre turistforeiningar, fylkets 4 speidargrupper og Møre og Romsdal 4H tilslutta forumet. Totalt representerer desse organisasjonane mange medlemmer med ei stor interesse for å ta vare på naturen for dagens - og komande generasjonar.*

Molde, 23. okt. 2023

## Klage på dispensasjon - Motorferdsel 2024-2025 - brøyting og bruk av veisalt på Aursjøvegen - Aursjøvegen A/S

Vi viser til delegert vedtak gjort av Dovrefjell Nasjonalparkstyre av 10.10.2023 (dykkar ref. 2023/10191-2 432.6) der Aursjøvegen AS får dispensasjon i medhold av naturmangfoldlovens (nml) § 48 til motorferdsel på Aursjøvegen før 1.juni i åra 2024-2025. Vidare viser vi til gitt dispensasjon til bruk av veisalt på Aursjøvegen ein gong runde pr sesong for åra 2024-2025.

**FNF Møre og Romsdal klager på vedtak om dispensasjon som er gitt til motorisert ferdsel på Aursjøvegen før 1. juni for åra 2024-2025. Dette då vi meiner at villreinen treng mest mogleg hjelp til å berge seg og at dette veg tyngre enn menneskets ønskje om lengre køyresesong på Aursjøvegen.**

## Kva handler saka om

Saka handlar om det er meir fordel for menneska enn ulempe for villreinen i Snøhetta/Dovre fjell å tillate å brøyte Aursjøvegen 14 dagar tidlegare enn det som står i verneforskrifta. Brøyting av vegegen skal ikkje medføre at trafikken for øvrig starter før 1. juni. Vi forstår ikkje søknaden slik at det er livsnødvendig for nokon å køyre så tidleg på året som 1 juni og at søknaden ikkje har noko med drift av anleggsvegen og vannkraftutbygging å gjere. Vi les at det er gitt dispensasjon frå vernevedtaket til liknande tidleg brøyting før 1 juni sia 2012 og at denne brøytinga har skjedd også tidlegare før vernetidspunktet (2002).

## Bakgrunn

Wikipedia seier mellom anna at; «*Dovre fjell-Sunndalsfjella er en norsk nasjonalpark beliggende i et høyfjellsområde på Dovrefjell og i Sunndalsfjella, der Trøndelag, Innlandet og Møre og Romsdal fylker møtes. Nasjonalparken ligger i kommunene Lesja og Dovre i Innlandet, Oppdal i Trøndelag og Sunndal og Molde i Møre og Romsdal. Parken tar opp i seg den eksisterende Dovrefjell nasjonalpark (etablert 1974 – 265 km<sup>2</sup>); og den er omgitt av 8 landskapsvernområder og to biotopvernområder. Parken ble opprettet i 2002, for å ta vare på et intakt høyfjellsøkosystem, og ble utvidet med mesteparten av tidligere Hjerkinns skytefelt i 2018. Etter utvidelsen dekker den et område på 1 830 km<sup>2</sup>. Parken skal ta vare på et intakt høyfjellsøkosystem. Den er kjerneområde for villrein, dette var en hovedbegrunnelse for opprettelsen og for avgrensingen av verneområdene i Dovrefjell.*»

For å ivareta interessene i verneområda er det vedteke køyrereglar for forvaltninga i form av ei forskrift. I forskrifta for det omsøkte tiltaket i det berørte biotopvernområdet (Torbudalen biotopvernområde) er det allereide i formålsparagrafen spissa dette med villrein ved at det står;

**«§ 2. Formål - Formålet med opprettelsen av Torbudalen biotopvernområde er å sikre viktige trekkområder og binde sammen beite- og kalvingsområdene for villreinen i Snøhettastammen.»**

og vidare står det;

**«§ 3. Vernebestemmelser - For biotopvernområdet gjelder følgende bestemmelser:**

**1.1 Det må ikke iverksettes tiltak som vesentlig kan forringe villreinen sitt livsmiljø eller hindre villreinen sin bruk av området. Med de unntak som følger av forskriften pkt. 1.2 og 1.3 er det forbud mot inngrep som oppføring, påbygging og ombygging av bygninger, anlegg og faste innretninger, vegbygging, vassdragsregulering, oppdemninger, oppdyrking av nye arealer, inngjerding av utmarksarealer, drenering og annen form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, framføring av luftledninger, bergverksdrift og annen form for grave-, sprengnings- eller borearbeider, sprøyting med**

***kjemiske midler mot løvtreoppslag, innføring av nye dyrearter, plassering av campingvogner og bobiler, etablering og merking av turstier, forurensning og forsøpling. Opplistinga er ikke uttømmende.»***

For motorisert ferdsel står det spesifikt at;

### **«§ 3. Vernebestemmelser**

***3.1 Motorisert ferdsel til lands og til vanns og landing med luftfartøy er forbudt.***

***3.2 Forbudet i punkt 3.1 gjelder ikke:***

***a. Motorisert ferdsel i forbindelse med militær operativ virksomhet, politi-, rednings-, brannvern-, oppsyns- og forvaltningsoppgaver.***

***b. Motorferdsel på bilveg, herunder på veien til Reinsvatnet og Aursjøvegen mellom Krøsbekken og vest til vestgrensen for biotopvernområdet i Nesset i perioden 01.06. – 30.11. Aursjøvegen fra krysningspunktet med Krøsbekken og vest til vestgrensen for biotopvernområdet i Nesset, og veien til Reinsvatnet skal ikke åpnes i perioden 01.12 – 31.05.»***

Forskrifta seier om unntak frå forskrifta;

### **«§ 4. Generelle unntaksbestemmelser**

***Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra bestemmelsene når formålet med vernet krever det, for vitenskapelige undersøkelser, arbeider eller tiltak av vesentlig verdi for samfunnet og i spesielle tilfeller, når det ikke strider mot formålet med vernet.»***

Denne søknaden om tidleg brøyting av Aursjøvegen er handsama av verneområdestyret etter § 48 i naturmangfoldlova. Vidare er prinsippa i naturmangfoldloven §§ 8-12, jf. § 7, lagt til grunn i vurderinga. Naturmangfoldlova § 48 seier;

### **§ 48.(dispensasjon fra vernevedtak)**

***Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.***

***I avveiningen mellom øvrige vesentlige samfunnsinteresser og hensynet til verneområdet skal det særlig legges vekt på verneområdets betydning for det samlede nettverket av verneområder og om et tilsvarende verneområde kan etableres eller utvikles et annet sted. Tiltakshaveren kan pålegges å bære rimelige***

***kostnader ved ivaretagelsen, opprettelsen eller utviklingen av et slikt tilsvarende område.***

***Trenger et tiltak tillatelse både etter verneforskriften og etter annet lovverk, kan tiltakshaver velge å søke om tillatelse parallelt. Vedtak skal i slike tilfeller først fattes etter verneforskriften, dersom ikke annet følger av verneforskriften eller forvaltningsmyndighetens samtykke.***

***Søknad om dispensasjon etter første ledd skal inneholde nødvendig dokumentasjon om tiltakets virkning på verneverdiene. I dispensasjon etter første ledd skal begrunnelsen for vedtaket vise hvordan forvaltningsmyndigheten har vurdert virkningene som dispensasjonen kan få for verneverdiene, og hvilken vekt det er lagt på dette.***

Regjeringen ber no i skrivande stund om hjelp for å betre tilstanden til villrein. Regjeringa arbeider med ei stortingsmelding om korleis vi kan betre tilstanden til villreinen i Norge og ber om innspill til virkemidler og tiltak. «*Vi trenger en nasjonal dugnad for å redde villreinen. Regjeringen er allerede godt i gang med å utarbeide tiltaksplaner for flere av de nasjonale villreinområdene. Vi arbeider også med en stortingsmelding om hvordan vi kan forbedre forholdene for villrein i Norge, og her ønsker vi innspill til tiltak og virkemidler for hvordan vi best kan få det til, sier klima- og miljøminister Espen Barth Eide.*»

Vidare står det på regjeringa si nettside den 8 juni i år (<https://www.regjeringen.no/no/tema/klima-og-miljo/naturmangfold/innsiktsartikler-naturmangfold/regjeringen-ber-om-forslag-til-politikk-for-a-bedre-tilstanden-til-villrein-i-norge/id2973718/>); «*Utviklingen for villreinen har gjennom lang tid gått i feil retning, noe den første klassifisering etter kvalitetsnormen for villrein klart viser. Regjeringen har nå en målsetting om å bedre situasjonen for villrein i Norge, og det skal derfor lages en stortingsmelding om villrein. Klima- og miljødepartementet ønsker i forbindelse med arbeidet med stortingsmeldingen innspill til tiltak og virkemidler som kan bidra til å bedre tilstanden for villrein.*»

I nettsaka til regjeringa følgjer skildring av dagens tilstand i villrein fjellet og kva som blir sett å vere det aktuelle utfordringsbildet. Dette er meint som et utgangspunkt for innspel til tiltak og virkemidler for å betre tilstanden for villreinen i Norge. Kvalitetsnormen for villrein skildrar kvaliteten på både villreinbestanden, lavbeiter som en sentral del av beitegrunnet, og leveområdet og menneskeleg påverknad. Det skal kvart fjerde år vurderast om dei 24 villreinområda har god, middels eller dårleg kvalitet. Målet er å oppnå eller opprettholde minimum middels kvalitet så snart som mogleg. På lengre sikt er det også eit mål at dei nasjonale villreinområda skal ha god kvalitet.

Det blei gjennomført ei første klassifisering av de ti nasjonale villreinområda i 2022, jf. NINA Rapport 2126 – Klassifisering av de ti nasjonale villreinområdene etter kvalitetsnorm for villrein. Følgjande vurdering ligg til grunn for dei seks villreinområda som så langt er klassifisert til dårleg kvalitet:

- Fem villreinområder oppnår ikke tilfredsstillende kvalitet på grunn av dårlig tilstand på leveområdene. Dette gjelder **Snøhetta**, Rondane, Nordfjella og Setesdal Ryfylke, hvor viktige trekkpassasjer har dårlig kvalitet. Også Hardangervidda vurderes å ha for dårlig kvalitet når det gjelder reinens arealutnyttelse.
- To villreinområder, Hardangervidda og Nordfjella, har ikke tilfredsstillende kvalitet for helse på grunn av påvist forekomst av skrantesyke («chronic wasting disease» – CWD).
- Hardangervidda, Nordfjella og Setesdal Ryfylke har dårlig kvalitet når det gjelder andelen voksen bukk i bestanden. Dette har sammenheng med tiltakene for å begrense og om mulig utrydde skrantesyke.
- Tre villreinområder har dårlig kvalitet når det gjelder kjønns- og alderskorrigerte slaktevekter hos kalv. Dette gjelder **Snøhetta**, Knutshø og Hardangervidda.
- Villreinområdet **Snøhetta** ble satt til dårlig kvalitet når det gjelder kalveproduksjon (antall kalver per 100 simle og ungdyr om sommeren).

Den norske regjering skriv i klartekst kva faktorar som samla har bidratt til denne negative utviklinga;

«Arealbruksendringer har den klart største negative påvirkningen på villrein i villreinområdene. Utbygging av infrastruktur, omdisponering av arealer, nedbygging i randsonene opp mot villreinområdene, samt annen menneskelig aktivitet kan føre til at villreinens faktiske leveområder begrenses ved at reinen stenges ute og avskjæres fra å bruke viktige deler av leveområdene. En kraftig økning i menneskelig ferdsel i villreinområdene er en annen stor utfordring. Sykdommer og parasitter påvirker også reinen negativt. Spesielt utgjør skrantesyke en stor utfordring i enkelte områder.

Den største utfordringen i villreinområdene er knyttet til dårlig kvalitet på viktige trekkpassasjer. Dette gjelder de fleste nasjonale villreinområdene der tilstanden i dag er dårlig. Fellesnevneren for disse områdene er at veier og vannkraftutbygging, i kombinasjon med ferdsel i utsatte områder, har stor negativ effekt på villreinens vandringsmuligheter og dermed dens arealutnyttelse.

Tidligere vannkraftutbygginger er hovedårsaken til at flere villreinområder har dårlig kvalitet. Utbyggingene har blant annet ført til direkte tap av leveområder for villrein. I tillegg blir anleggsveier benyttet som utfartsårer for mange brukergrupper i villreinområdet, mens vannmagasinene legger til rette for trafikk med fritidsbåter. Dette har bidratt til ytterligere arealunnøynvikelse hos villrein. Ved eldre kraftutbygginger er det også bygd mange hytter i

*tilknytning til anleggsveiene. Vannkraftutbygging gjennom de siste 100 årene har i særlig grad påvirket villreinområdene Setesdal Ryfylke, Nordfjella, Snøhetta og Hardangervidda.*

*På tilsvarende måter har tidligere samferdselsprosjekter medført en fragmentering av villreinens leveområder. Utbygging av offentlig vei og jernbane har medført en barriere for villrein, i tillegg til at det er skapt utgangspunkter for økt ferdsel inn i villreinområdene.*

*Tidligere hyttebygging på 1950- og 60-tallet, da vurderinger av konsekvenser for villrein ikke lå til grunn, har også medført at en rekke hytter i dag har en lite gunstig plassering av hensyn til villrein.*

*Antallet fritidsbygg har økt jevnt de siste 20 årene, og med en vekst på 8,6 prosent de siste ti årene. Norske kommuner har satt av arealer til nye fritidsboliger som nesten tilsvarer det samlede arealet til Rondane og Femundsmarka nasjonalparker. I tillegg til dette kommer ulike anlegg og infrastruktur knyttet til reiselivet, slik som for eksempel hoteller, alpinanlegg, gondolbaner og turishytter. Fritidsboliger og reiselivsaktivitet med tilhørende ferdsel har i flere områder ført til at villreinen sin bruk av viktige funksjonsområder er redusert, og er en viktig årsak til at flere av disse områdene i dag har dårlig kvalitet.»*

## **Vurdering**

Friluft- og naturvernorganisasjonane i Møre og Romsdal (FNF) har ved fleire høve gjort dei berørte kommunane i fylket og andre merksame på dei negative konsekvensane av å snevre inn villreinens levesett der vegar og bruken av desse er ein viktig faktor. Seinast sendte vi eit brev den 2 mars i år med synspunkt inn til sekretæriatet som arbeider med utarbeiding av tiltaksplan for Snøhetta villreinområde. Dette då dei ønskja forslag til tiltak snarast mogleg då skrivefristen for denne tiltaksplana for villreinen i Snøhetta er satt til 1 des. i år. Dette var eit innspel som kom i samband med revisjon av konsesjonsvilkåra for Gryttenutbygginga der vi spela inn moglegheita for å stengje av anleggsvegen inn i Sandgrovbotn. Ordlyden i vår uttale var som følgjer;

*«Når det gjelder villreinen ble Gryttenutbyggingen dessverre enda en negativ faktor for bestanden. Fysiske inngrep ved selve anlegget med alle tipper, anleggsveier etc. samt økt ferdsel har hatt negativ effekt på reinen. Vi mener at nå er tiden moden til å vurdere om det kan være formålstjenelig for reinen å stenge anleggsveien inn i Sandgrovbotn for allmenn motorisert ferdsel. Dette er også i tråd med FNs tiår for restaurering av natur som vi er inne i nå. Dessuten har nå villreinen ved siste oppdatering nov. 2021 gått fra kategori «livskraftig» til «Nær truet» på rødlisten for arter (se <https://artsdatabanken.no/lister/rodlisterforarter/2021/19057>). Villrein her er en del av villreinbestanden i Rondane-Dovre regionen, som utgjør ca. 25% av den totale bestanden i Norge, og som er den mest opprinnelige villrein med minimal genetisk innblanding av tamrein jfr nyere forskningsresultat (Kvie mfl. 2019). Dette sett et ekstra press på for å gjøre noe med spesielt dette leveområdet for reinen.»*

Med andre ord ber vi om at anleggsvegen i Sandgrovbøtn blir vurdert stengt for offentlig allmenn motorisert ferdsel. Likheitstrekket her er jo både formålet for vegbygginga (kraftutbygging) og kven det får negativ konsekvens for (villrein). Aursjøvegen er jo også ein veg bygd for utbygging av eit vasskraftanlegg (Aura) og var i utgangspunktet ikkje tenkt opna for allmenn ferdsel. Og med kraftutbygginga kom også hytteutbygging inn i villreinens område som også førte til auka menneskeleg forstyring både på barmark og om vinteren. Vinteraktivitet i form av snøskuterkjøring er ei eiga sak som vi no har teke opp med Miljødir./Sivilombodet for vidare oppfølging. I dei seinare åra er Aursjøvegen også vorte løfta opp som ein turistveg. Under sluttbefaringa ved revideringa av konsesjonsvilkåra for Aura-utbygginga blei det sagt frå ein representant for regulanten Statkraft at dei ikkje hadde behov for ein veg med bilvegkvalitet for sin del. Statkraft hadde ikkje behov for meir enn ein anleggsveg for drifting av vasskraftanlegget og dette behovet var grunnlaget for kva midlar/ressursar dei la inn i vegen. Dette elementet synes vi er vesentleg i høve til å vurdere om det er grunnlag for å dispensere frå verneforskrifta § 4. Generelle unntaksbestemmelser knytt til «tiltak av vesentlig verdi for samfunnet». På vektskåla i avveginga mellom samfunnets interesser og villreinen interesser er dette eit vesentleg element som støtter villreinens interesser at regulanten ikkje treng noko tidleg brøyting av Aursjøvegen.

Den første klassifiseringa av de ti nasjonale villreinområda etter kvalitetsnorm for villrein i 2022 (jf. NINA Rapport 2126) konkluderte med at fem villreinområde ikkje oppnår tilfredsstillande kvalitet på grunn av dårlig tilstand på leveområda. Eit av desse er villreinområde Snøhetta kor viktige trekkpassasjer er satt til å ha dårlig kvalitet. Snøhettareinen er også sett til å ha dårlig kvalitet når det gjelder kjønns- og alderskorrigerede slaktevekter hos kalv og villreinområdet Snøhetta blei satt til dårleg kvalitet når det gjelder kalveproduksjon (tal kalver per 100 simle og ungdyr om somaren). Alt dette tilseier at ein bør vere ikkje berre varsom men ekstra varsom nett her knytt til menneskeleg aktivitet som forringar villreinens levestandard.

Villreinen har hatt ei negativ utvikling sia vernet vart innført på Snøhetta/Dovrefjell/Sunndalsfjella i 2002. Dette er poengtert av våre høgste myndigheiter (regjeringa) som har satt i gang arbeidet med ei stortingsmelding og tiltaksplan for villreinen nett her. Alle styringssignalar går difor i retning innstramming og reversering av tidlegare dispensasjonar gitt. Det er då for oss å gå feil veg når ein vil opne opp for auka trafikk i den delen av villreinområdet der reinen trekker – noko som forverrar villreinens levestandard. Slik vi forstår forskarane på villrein er det nett i dette omsøkte området som er det mest aktuelle utvekslingsområdet mellom aust- og vestområdet i Snøhetta. Dette samt at det er viktige kalvings- og oppvekstområde nett her gjer det ubegripeleg at ein tenkjer å ville forverre livssituasjonen for villreinen på denne måten.

Forvaltningsmyndigheiten kan gjere unntak frå bestemmelsane når formålet med vernet krev det, for vitenskapelege undersøkingar, arbeide eller tiltak av vesentleg verdi for samfunnet og i spesielle tilfeller, når det ikkje strir mot formålet med vernet.

Det er jo moglegheit til å dispensere frå gjeldande bestemmelse når formålet med vernet krev det, arbeide eller tiltak av vesentleg verdi for samfunnet og i spesielle tilfeller, når det ikkje strir mot formålet med vernet. Slik vi ser dette var bestemmelsen om vinterstengning fram til 1 juni (jf. kronprinsregentens resolusjon 2002) etablert for nettopp å skjerme vintertrekket. Så kva skal vere av vesentleg verdi for samfunnet i denne saka ? Slik vi les denne saka er det ikkje noko behov utover det normale med ein veg – nemleg at ein ønskjer å køyre på den heile året. På den andre sida må ein tidleg brøyting vere i strid med føremålet med vernet då det nødvendigvis fører til auka menneskeleg aktivitet i dette sårbare området.

Slik vi les søknaden og saksframlegget i denne saka har vegen vore brøyta før 1. juni før vernetidspunktet i 2002. Vidare går det fram at det er gitt løyve av vernemyndigheitene sia 2012 fram til no (2023). Korleis situasjonen var mellom 2002 og 2012 er ikkje skildra så langt vi ser, så vi antek då at brøyting før 1 juni har vore standard prosedyre sia vernetidspunktet. Dette verkar for oss pussig så lenge det er blitt avklart i ei eiga sak med Klima- og miljødepartementet i 2015 at *«når forskriften sier at veien ikke skal åpnes i en gitt periode, er det ikke lov med motorferdsel i forbindelse med brøyting i denne perioden.»* Det betyr at ein ved å tillate vinterbrøyting før 1 juni for perioda 2024-2025 vil fortsette med ein praksis med motorisert ferdsel som overordna departement seier ikkje er grei. Vi meiner at å vidareføre denne praksisen med vinterbrøyting før 1 juni vil ein hule ut lovverket for dette verneområdet og forringe villreinens moglegheit for vidare eksistens.

Etter ei samla vurdering etter forskrift for verneområdet og naturmangfoldlova vurderer FNF Møre og Romsdal at vilkårene for å gi dispensasjon til å vinterbrøyte Aursjøvegen mellom Krøsbekken og vest til vestgrensen for biotopvernområdet i gamle Nesset kommune i åra 2024-2025, til å ikkje vere tilstades og vi vil klage på vedtaket. Vi legg til grunn følgjande faktorar;

1. Ved å tillate brøyting og menneskeleg aktivitet før 1 juni vil sumeffekten av belastninga vere for stor for villreinen og vere i strid med naturmangfoldlova § 10.
2. Oppdatert kunnskap om villreinen tilseier meir varsemd no enn sist gong ein liknande søknad vart vurdert (2012 og 2016).
3. Å gi dispensasjon til denne søknaden er å hule ut verneforskrifta og vil vere i direkte strid med vernebestemmelsen § 1.1 ved at tiltaket vil forringe villreinen sitt livsmiljø og/ eller sin bruk av området.
4. Å gi dispensasjon til aktivitet før 1. juni inn i villreinens område strir mot vår sittande regjering sine synspunkt.

Helsing

**Forum For Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal**





*Ingbjørn Bredeli*

Fylkeskoordinator  
FNF Møre og Romsdal

Kopi:

Møre og Romsdal fylkeskommune, Statsforvalteren i Møre og Romsdal

